



## Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden 29. desember til og med 04. januar.

### Smittetal

Frå og med onsdag 29. desember til tysdag 04. januar har 76 personar fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune.

### Aldersfordeling

Aldersfordelinga for tilfella i perioden 29.12.2021 til 04.01.2022 er slik (runda opp til nærmaste heile tal):

- Under 12 år: 18 %
- 12–15 år: 10 %
- 16–17 år: 3 %
- 18–44 år: 48 %
- 45–64 år: 19 %
- Over 65 år: 3%

### Smitteveg

Hovudarenaen for smitte er framleis eigen husstand.

Den andre hovudkategorien er «ukjent smitteveg». Dette betyr at personar som ikkje veit at dei er smittsame, smittar andre dei er i kontakt med.

### Utviklingstrekk

Laboratoriet testar nokre av prøvene for omikron, og dei siste par vekene har omikron-varianten blitt påvist i fleire prøvar frå innbyggjarar i Alver. Vi må rekne med at det er denne varianten som dominerer no. Omikron-varianten smittar lettare enn deltavarianten av koronaviruset. Vi kan difor forvente auke i tal smitta framover. Det er no særskilt viktig å bruke munnbind, halde avstand og ha færre nærkontaktar. Koronavaksine beskyttar godt mot alvorleg sjukdom og det er framleis mogleg å få både dose 1, 2 og 3 i Alver.